

# ORIENTERING OM ARBEIDET

## 1.1 INNLEIING

Lom kommune har anlegg for avvatning av slam ved Fossbergom reinseanlegg. Det er her kapasitet til alt slam frå slamavskillere, tette tankar, kommunale og private reinseanlegg i Lom kommune. Skjåk kommune leverer slam frå sine reinseanlegg til anlegget etter nærare avtale med Lom kommune.

Lom kommune har inngått forpliktande avtale med Tine meieriet Lom og Skjåk slik at dei leverer slam til Fossbergom reinseanlegg. Transport og levering av slam i denne entreprisen må tilpassast og koordinerast med levering av slam frå Tine meieriet

Lom kommune har godkjent behandlingsanlegg for langtidslagring / kompostering av avvatna slam i Haugholet i Lia. Transport av avvatna slam frå Fossbergom reinseanlegg til Haugholet blir ikkje omfatta av denne entreprisen.

## 1.2 ARBEIDETS ART OG OMFANG

Arbeidet omfattar tømning, transport til Fossbergom reinseanlegg av slam frå private slamavskillere, tette tankar samt kommunale og private reinseanlegg. Oppdraget skal utførast med konvensjonell slamsugebil.

Registrering og kontroll av separate avløpsanlegg med rapportering til kommunen inngår i arbeidet.

Lom kommune har innført gateadresser i heile kommunen. Dette saman med elektronisk kart (ligg opent på internett) kan nyttast av entreprenøren som grunnlag for planlegging av køyrerute og finne fram til eigedomane.

Det kan bli aktuelt at entreprenøren skal foreta registrering av slamavskillere og tette tankar med GPS- utstyr (handhalde) for kartfesting og koordinater.

Drift av behandlingsanlegg for langtidslagring/kompostering av avvatna slam medfører i hovudsak arbeid med blanding av slam og flis, samt intern frakt legging av blanda slam i rankar. Arbeidet skal utførast i medhald av driftsinstruks og internkontrollsystem, i tett samarbeid med kommunen.

Prosessen blir normalt utført 2 – 4 gonger pr. år.

### 1.2.1 Generelt om tømning av avløpsanlegg

Hovudtala for tal på slamtankar med volum er som vist i tabell nedanfor.

'Septikkliste innkjøring 2012' gir detaljert oversikt over anlegg.

For slamavskillere og tette tankar er diverse tekniske data (antal kammer etc.) delvis ikkje registrert. Registrering og kontroll av anlegg skal utføres i forbindelse med tømning. Kommunen utarbeider registreringsskjema og gir nærmare detaljer om registrering og kontroll.

**Tabell 1- Oversikt over avløpsanlegg som skal tømmast**

Type anlegg	Antal	Tømmevolum råslam m3/år
Private slamavskillere	Ca. 429 *1)	Ca. 1000 *1)
Tette tankar	Ca.35	Ca.200
Kommunale reinseanlegg, 2 stk. etter-fellingsanlegg og 1 stk simultan-fellingsanlegg	3	Ca.500
Større private infiltrasjon og reinseanlegg. Anlegg statens vegvesen, diverse		Ca. 500 *2)
TOTALT		Ca. 2200

1) Basert på at om lag halvparten av slamavskillere tømmast pr. år.

2) Privat anleggsseigar står fritt til å velje entreprenør til tømning. Erfaringsmessig blir arbeidet utført etter enhetsprisar i denne entreprisen.

Prisene gjelder for slamavskillere / tankar med avstand mindre enn 70 meter, regnet horisontalt mellom senter kumlukk og tømmebilens tank, og med høgdeforskjell mindre enn 8 meter, rekna frå botn slamavskiller /tank og til senter bilaksling. Det gis ingen tillegg for entreprenørens eventuelt bruk av tilleggsutstyr og mannskap innanfor disse rammer.

For slamavskiller/tette tankar som ikkje er tilgjengelig for den ordinære slamsugebilen på grunn av svak bæreevne, dårlig vegstandard. Må entreprenøren bruke annen høvelig utrustning for slamsuging og overføring til slamsugebilen. Meirkostnaden ved dette må entreprenøren ut frå egen vurdering inkludere i einingsprisane for slamtømning.

Entreprenøren skal med bakgrunn i slamavskillere og septiktankanes geografiske spreining, volum, vær/årstid og kjøreforhold holde oppdatert en kjøreplan som vil gi god utnytting av maskinparken. 'Septikkliste innkjøring 2012' skal leggest til grunn for kjøreplan. Kostnader med registrering og kontroll av separate anlegg skal inngå i einingsprisar.

Det er entreprenørens ansvar å syrgje for tømning og reingjøring slik at ulemper for abonnentane ikkje oppstår. Ev. søl og avfall skal fjernes. Kjøring på privat område skal gjerast på ei trygg måte og med nødvendig vakthald slik at farlige situasjonar ikkje oppstår. Entreprenøren er ansvarlig for ev. skader som oppstår på privat eigedom under utføring av entreprenørens arbeider.

#### Levering av råslam til Fossbergom

Ved tømning av slamavskillere, tette tankar mv. skal slammet transporterast til Fossbergom reinseanlegg og leverast til reinseanleggets septikkmottak.

Maskinreinsa rist er av fabrikat/type: Huber Ro2, 780/6 mm.

Ved tømning skal trykk og mengde inn på rista avpassast slik at overbelastning ikkje oppstår. For tjukt slam må det påreknast noko tidsforbruk i forhold til rista sin kapasitet.

Slammet skal tømmast innanfor tømmetider og med volum pr. døgn/månad etter avtale med Lom kommune, avpassa etter kapasiteten ved reinseanlegget.

Entreprenørens ansvar for slammet opphøyrar etter tømning ved Fossbergom reinseanlegg. Entreprenøren skal føre liste ved Fossbergom reinseanlegg som viser slamlevering, etter regler gitt av kommunen.

### **1.2.2 Drift av anlegg i Haugholet Langtidslagring/kompostering av avvatna slam**

Lom kommune har godkjent anlegg for langtidslagring/kompostering av slam i Haugholet i Lia. Avstand frå Fossbergom reinseanlegg til Haugholet er ca. 12 km.

I forbindelse med drift av anlegget for slam ved Haugholet vil kommunen stå for følgjande oppgåver:

- Området er inngjerda og del av areal er opparbeidet med bærelag og grus.
- Det blir etablert vaskeplass med tappepunkt for vatn på området.
- Transport av avvatna slam frå Fossbergom reinseanlegg og utlegging av slam som skal behandlast ved Haugholet (Egen entreprise- kontrakt).
- Anskaffing og tilkjøring av strukturmateriale, bark og eller flis.
- Føre driftsjournal i medhald av driftsinstruks og IK- system for anlegget.

Entreprenørens ansvar vil være følgjande:

- Utlegging av ranker av bark/flis, som underlag for slam frå konteinertransport.
- Blanding av slam og bark/flis.
- Blanda slam/bark/flis fraktast internt på området og leggest ut i større ranke for langtidslagring.
- I samarbeid med kommunen føre driftsjournal, oppteikning /situasjonsplan og merking på området slik at årgangar med slam blir halde åtskilt og kan dokumenterast.
- Hold og drift av nødvendige maskiner.
- Syrgje for at port til anlegget holdast låst i periodar det ikkje er driftsaktivitet på anlegget.
- Generelt gjennomføre arbeidet i medhald av driftsinstruks og IK- system for anlegget.

### **1.3 GEOGRAFISK INNDELING OG TRANSPORTFORHOLD**

Bebyggelse innanfor reinsedistrikta til reinseanlegga Fossbergom, Garmo, Galdesand og Leirmo er generelt tilknyta avløpsnett. Anna bebyggelse har separate løysningar med slamavskillere og/eller tette tankar. En gjør spesielt oppmerksom på turistbedrifter i fjellet med avløpsanlegg som har behov for slamtømming (ikkje omfatta av tvungen tømming gjennom kommunen). Statens vegvesen har toalettanlegg bl.a. på Sognefjellsvegen med behov for hyppig tømming om sommaren.

For akseltrykk på det offentlige vegnettet vises det til vedlagte vegliste. For private veger føreligg ingen akseltrykkbestemmelser, og entreprenøren må vurdere dette ut frå eiga skjønn ved synfaring, årstid m. v.

### **1.4 TØMMERFREKVENS - TIDER**

Entreprenøren skal kvart år i løpet av januar utarbeide og overlevere kommunen kjøreplan som omfattar tømming for aktuelt år.

Kommunen kan bestemme at varsel om tømming skal gis av slamentreprenøren direkte til den enkelte abonnent ved varsel/informasjonskort pr. post, 1 veke før tømming.

Tømming og transport av slam frå den enkelte slamavskiller/tank, med unntak av akutte situasjonar, tillates bare på kvardagar, og da i tidsrommet kl. 07-20. All levering til Fossbergom reinseanlegg utanom ordinær arbeidstid (kl 07.00 – kl 15.15) skal avtalast med kommunen sitt driftspersonale.

For private slamavskillere skal tømming foretas anna kvart år (tvungen tømming).

Tette oppsamlingstankar tømmast ved behov, men minst ein gang pr. år (tvungen tømming).

Kommunale reinseanlegg tømmast ved behov etter rekvisisjon frå driftsoperatør.

Private bedrifter med større anlegg, tømming etter avtale med driftsansvarlig for anlegget ( ikkje omfatta av tvungen tømming).

Det kan være forhold som gjør at enkelte slamavskiller/tank må tømmast oftare enn de ovanfor gitte frekvensar, som ekstratømming (rekvirert av anleggseigar).

Arbeidet skal leggest opp slik at om lag 50% av de private slamavskillere tømmast kvart år.

'Septikkliste innkjøring 2012' blir lagt til grunn for deling slik at etablert system blir fylgt opp, nærmare detaljer blir gitt av kommunen.

### **1.5 RAPPORTERING**

Årlig rapportering omfattar føring av samla journal for utført tømming med dato, septikkliste kan leggest til grunn. I tillegg skal entreprenøren årlig rapportere om anlegg med synlige feil og manglar. Årsrapport skal leverast til kommunen seinast 20. januar etterfølgjande år.

Alle anlegg skal kontrollerast detaljert kvart 5. år (ein gang i løpet av kontraktsperioden).

Entreprenøren skal føre sjekklister for kvart enkelt anlegg om både tekniske feil / manglar ved sjølve slamavskiljaren og til synlige forureiningsproblem med utslipp etc. Samla rapport skal sendes til kommunen. Kostnader med rapportering skal takast med i einingsprisane for slamtømming.

Anlegg større enn 50 p. e. blir ikkje omfatta av kontroll frå entreprenør kvart 5. år.

### **1.6 EKSTRATØMMING / AKUTTE SITUASJONAR - BEREDSKAP**

Det er abonnentens ansvar å gjøre oppmerksom på behov for tømming utanom fastsett rute og tømmefrekvens. Ekstratømming skal være utført så raskt som mulig etter at ekstratømming er bestilt.

Akutte situasjonar med behov for tømming og spyling etc. ved kommunale reinseanlegg inkludert leidningsnett og pumpestasjonar, skal inkluderast i beredskapen.

Entreprenøren må dokumentere at han har beredskap og opplegg for å handtere ekstratømming / akutte situasjonar. Dette skal beskrives under pkt. 2.5 i tilbuds brevet. Slam frå ekstratømming/akutte situasjonar skal leverast til Fossbergom reinseanlegg.

Vakttelefon for beredskap skal opplyst ved en eventuell kontraktsinngåelse.

Kostnader med beredskap skal takast med i einingsprisane for slamtømming.

Entreprenøren skal oppgeva garantert responstid.